



Øystre Slidre kommune

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv: Vår dato:
ROGAST - 16/2218 033 26.04.2016

Protokoll frå møte i eldrerådet den 18.04.16 kl 10.00 - 12.15

Til stades: Torleiv Sigurd Hovi, Solveig Rydland, Gunnar Berg, Marit Synnøve Opheim Østli, Edgar Linn

Andre: Astrid Rogne (sekretær), Ragnhild Strømmen Strand og Svein Oddvar Moen under orienteringa frå IHT.

Møtet vart halde på sjukeheimen. Vi fekk fyrst ei grundig orientering om stoda i IHT ved Ragnhild Strømmen Strand. Svein Oddvar Moen orienterte så om bruken av Festusbilen og tankar om eventuell ny/nyare bil. Til slutt fekk vi ei lita omvisning på sjukeheimen.

Frå orienteringa om IHT:

- Det er 150 tilsette i IHT.
- Frå 7. mars vart det bemanning i Moavegen 25 med 1 person frå 08.00-14.00 og frå 16.00 – 22.00
- Dei 5 romma i underetasjen er no avvikla som pasientrom
- Dei som treng langtidsplass får det og plassen vert tildelt på medisinsk grunnlag.
- Eldrerådet var særс nøgde med det dei fekk høyre om stoа i IHT.

Frå orienteringa om Festusbilen:

- Festus blir brukt m.a.til desse formålа:
 - Kjøre brukarar til og frå arbeid og aktivitet
 - Kjøre brukarar til og frå Vindestogo
 - Postkjøring til og frå Tingvang for helse og omsorg
 - Kjøre hjelpemiddel til og frå brukarar i Øystre Slidre (tryggleiksalarmer og andre hjelpemiddel)
- Bilen er ein 2006 modell. Gått 260000 km.
- Det har vore fleire dyre reparasjonar på bilen og han er moden for utskifting
- Truleg vil dette bli ei stor investering til at ein innsamlingsaksjon er nok.
Prisantydning på 800.000 – 1.000.000.

- Sak 11/16** **Godkjenning av innkalling og saksliste**
Vedtak:
Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent
- Sak 12/16** **Godkjenning og underskrift av protokoll frå 29.03.16**
Vedtak:
Protokollen vart einstemmig godkjent. Torleiv Sigurd og Marit Synnøve vart valde til å underskrive protokollen.
- Sak 13/16** **Referatsaker**
- Orientering frå møte i pensjonistlaget ved Solveig Rydland
 - Referat frå møte i fylkeseldrerådet den 16.02.16
 - Referat frå møte i samhandlingsrådet for frivilligsentralen i Øystre Slidre den 09.03.16.
 - Endring av kommuneloven
Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut høyring av forslag til ny ordlyd i §10 b om råd i kommuner og fylkeskommuner for ungdom, eldre og personer med funksjonsnedsettelse.
 - Eldrerådet vedtok at sekretæren sender inn denne uttala:
«Eldrerådet i Øystre Slidre støttar forslaget slik det ligg føre.
Eldrerådet beheld den lovpålagnede retten til medverknad som dei har i dag.»
 - Uttale frå eldrerådet om plassering av omsorgssenter/omsorgsbustader.
I sak 9/16 vart det bestemt å levere uttale til vart levert til sakshandsamar Knut Frode Framstad. Uttala vart teke inn i saksutgreiinga.
- Vedtak:**
Referatsakene vart tekne til etterretning.
- Sak 14/16** **Festusinnsamling**
Vedtak:
Eldrerådet støttar innkjøp til ny Festusbil. Dei ber leiaren for IHT greie ut behovet og økonomisk ramme for ny/nyare bil og ta initiativ overfor rådmannen om evt. sak til kommunestyret.

Dato:.....

--